

Sak 6 – Arbeidsplan 2026

Tromsø SV er det største og sterkaste lokallaget av SV i Nord-Noreg. I ein situasjon der SV ikkje er representert på Stortinget frå Nord-Noreg gjev det oss ei viktig oppgåve i å bidra til eit sterkt fylkeslag, god kontakt med det sentrale apparatet på partikontor og Stortinget og i å vere ein pådrivar for å utvikle SVs politikk.

I kommunepolitikken blir dei viktigaste satsingsområda for SV i året som kjem å halde fram med å arbeide for eit meir grønt og rettferdig Tromsø. Vi ser med særleg uro på dei aukande skilnadene i kommunen vår.

Den svake kommuneøkonomien betyr at det blir viktig å jobbe for større overføringar til kommunane frå sentralt hald og å lokalt i så stor grad som mogleg skjerme dei som treng kommunen sine tenester aller mest. Samtidig skal vi halde oppe den breie velferdskommunen med ein skole og eit helsevesen for alle.

2026 er eit mellomvalsår. Tromsø SV skal bruke dette året på å utvikle kommunepolitikken og lage eit godt program for kommunevalet. Vi skal få betre kontakt med medlemmane og bli betre til å bruke kompetansen til medlemmane i politikkutforming både lokalt og sentralt.

Tromsø SV definerer disse tre sakene som viktige i neste valkamp og som vi må bruke dette året til å posisjonere, lære om og kommunisere ut om:

1. Tromsø er den kommunen i Noreg med flest folk under 35 år. Det å ta vare på barn og ungdom, gje dei ein god oppvekst og ein arena for å skape gode liv er ei viktig oppgåve for kommunen.
2. I Noreg er det store tap av natur kvart år. I Tromsø er det viktig å ta vare på nærnaturen for folkehelse og friluftsliv, og for å ta vare på naturmangfaldet.
3. Ei av drivkreftene bak forskjellsutviklinga er bustadmarknaden, og derfor skal vi halde fram å ha eit fokus på korleis vi sikrar nok bustader i Tromsø. Det inneber mellom anna å arbeide for å redusere og regulere bruken av Airbnb i kommunen.

Det blir viktig for oss å få enno betre kontakt med medlemmane både for å ta i bruk kompetansen dei har og for å ha fleire som er klare til å delta i valkampen og til å ta på seg folkevalde verv.

Hovudmål i 2026 for Tromsø SV

1. SV er eit parti som organiserer og mobiliserer for gjennomslag
 - Partiet skal utvikle strukturar for direkte veljarkontakt. Særleg vil satsing på dørbank være viktig.

- SV skal være partiet i kommunen som kjenner sitt nærmiljø og innbyggjarane best. Vi skal ta opp saker, og vise korleis vi organiserer forslag til løysingar på problemstillingar folk er opptatt av.
- Vi skal ha som hovudmål å snakke med flest mogleg i Tromsø i forkant av valet i 2027.
- Tromsø SV skal bruke innspel frå nærmiljøet til å lage valprogram til lokalvalet i 2027.
- Tromsø SV skal jobbe aktivt med kommunikasjon og informasjon via presse, sosiale media o.l. om saker som betyr noko for veljarane. Det skal vere enkelt for veljarane å vite kva SV står for.

2. SV har aktive medlemmar

- Vi skal involvere medlemmane i politikikutviklinga i partiet.
- Vi skal ringe alle medlemmer for å høyre om dei kan bli med på dørbanking i 2026 eller om dei kan bidra på andre måtar.
- SV skal være ein trygg og open partiorganisasjon. Medlemmer med ulik bakgrunn skal kjenne seg heime i partiet og vi skal ha aktivitetar som gjer det mogleg å bidra på ulike måtar.
- SV vil finne ein ny metode for å engasjere nye SV-medlemmar
- SV skal arbeide for at lokallaget skal ha jamlege aktivitetar som er planlagt i god tid slik at det blir enklare for medlemmar å delta.
- Invitere inn medlemmane til å lære om og å utvikle politikk knytt til dei tre hovudpunkta.

3. Samarbeid

- Oppretthalde kontakten med studentlaget.
- Styrke kontakten med Sosialistisk Ungdom og gi SU støtte ved behov.